Solund
kommune

FUNKSJONSBESKRIVELSE

For anskaffelse av

Utbetring vegparti i Klubben bustadfelt

Utlysing av konkurranse etter FOA Del I og II

Totalentreprise

Innhald

1 GENERELT 1

1.1 BAKGRUNN OG OMFANG 1

1.2 ESTIMERT VERDI 1

1.3 FRAMDRIFT 1

1.4 LOGISTIKK 2

1.5 DAGENS INFRASTRUKTUR 2

2 FØRESEGNER 3

2.1 FØRESETNADAR 3

2.2 SYNFARING 3

2.3 ANSVARLEG SØKAR OG UTFØRANDE 3

2.4 ADK1-SERTIFISERING OG VA-NORM 3

2.5 RIGG OG DRIFT 3

2.6 SIKKERHET, HELSE OG ARBEIDSMILJØ (SHA) 4

2.7 KABELPÅVISING 4

3 SKILDRING AV ARBEID 5

1 Generelt

1.1 Bakgrunn og omfang

Klubben bustadfelt er et kommunalt bustadfelt som består av 19 nye tomtar og strekkar seg ca. 650 meter nord-vestover frå fylkesveg 606 i Hardbakke.

Vegen vart bygd i 2016 og består av delvis asfaltert overflate. I dag ynskjer kommunen å utbetre delar av vegstrekninga. Det er blant anna for høg stigning på vegbana, behov for asfaltdekke og hus for renovasjon og post.

Sunnfjord Entreprenør har utført masseoppstilling, profilering og prøvegraving på tomta. Deira filer ligg vedlagt konkurransen.

1.2 Estimert verdi

Solund kommune estimerer ein kontraktsverdi på 2,5 MNOK for heile kontrakten. Summen er basert på erfaringsprisar og er ikkje forpliktande

1.3 Framdrift

Tentativ dato for kontraktsinngåing er 05.10.2026. Entreprenøren presentera sjølv framdriftplan for gjennomføring. Alt arbeid, for utanom asfalt, skal være ferdig og overlevert (sluttfrist) innan 2 månadar etter kontraktsinngåing. Asfaltering skal vere ferdigstilt ved første moglegheit. Ved utløysing av eventuelle opsjonar vil tilbydar ha moglegheita til fristforlenging.

1.4 Logistikk

Tilkomst til Klubben bustadfelt skjer via fylkesveg 606 i Hardbakke. Tunnelhøgda i Solund er på 4,1 meter og entreprenør må ta høgde for dette ved planlegging av logistikk.

Ved behov for stenging av veg i Klubben skal Solund kommune informerast tidleg slik at kommunen får informert via sitt varslingssystem til innbyggarar.

1.5 Dagens infrastruktur

Eksisterande VA i Klubben bustadfelt består i dag av drikkevatn, spillvatn og overvatn.

Utførende entreprenør vil få tilgang til kommunens dokumentasjon av rørtrasé.

2 Føresegner

2.1 Føresetnadar

Areal er målt på kart og mengde skal derfor oppmålast før og etter legging.

Det vil bli halt et oppstartsmøte med valt leverandør for avklaring av nøyaktig plassering for utplassering av asfalt.

Tilbydar står sjølv for å produsere naudsynt teikningsgrunnlag. Før igongsetting skal teikning godkjennast av byggherre.

2.2 Synfaring

Solund kommune oppmodnar tilbydararar å delta på felles synfaring. Felles synfaring vert 27.08.26 kl. 11:00

Kjartan Nyhammar

+47 959 17 471

Kjartan.nyhammar@solund.kommune.no

2.3 Ansvarleg søkar og utførande

Solund kommune står som ansvarleg søkar for tiltaket og er ansvarleg for relevante søknadar og nabovarsling.

Totalentreprenør vil vere ansvarleg prosjekterande og utførande

2.4 ADK1-sertifisering og VA-norm

All arbeid i forbindelse med VA-arbeid skal utførast i samsvar med VA-norma. Ansvarleg utførande skal ha ADK1-sertfisiering, inkludert utførande røyrleggarar og maskinførarar.

Sjå VA-norma for Solund kommune » Solund (va-norm.no).

Det er ikkje medteke snitt-teikningar for VA-grøft i denne konkurransen. Sjå VA-normen for Solund kommune for utforming av VA-grøft.

2.5 Rigg og drift

Totalentreprenøren skal bere ansvar og kostnader for rigg og drift. Totalentreprenøren skal sette opp byggeplasskilt og byggegjerde der det vurderast som behov. Posten omfattar alle kostnader knytt til etablering, drift og avvikling av rigg og byggeplass som er nødvendig for gjennomføring av kontraktsarbeida. Alle kostnader til reise, kost og losji for entreprenøren og hans underentreprenørar skal vere inkludert i tilbodet.

2.6 Sikkerhet, Helse og Arbeidsmiljø (SHA)

Det skal drives systematisk helse, miljø og sikkerheitsarbeid under hele arbeidsperioden. Utarbeiding av risikoforhold og oppfølging av SHA-plan.

Entreprenør vil få ansvar for alt HMS-arbeid og vil få ansvar for HMS-koordinering.

Entreprenør skal påse at sine personell er innforstått med og oppdatert på gjeldande SHA-plan

HMS-plan skal vere utarbeida og innlevert til Solund kommune før igangsetting på byggeplass.

Totalentreprenør har kommunikasjon med arbeidstilsynet og varslar de før igangsetting.

2.7 Kabelpåvising

Entreprenør skal stå for kabelpåvising alle plassar det skal gravast. Resultat frå kabelpåvising skal overleverast til Solund kommune før oppstart av gravearbeid.

3 Skildring av arbeid

Solund kommune ønskjer pris på følgjande arbeid:

Utbetring vegparti o_SKV1

Eksisterande vegtrasé skal leggast om på delar av strekninga gjennom Klubben bustadfelt. Omlegginga skal i hovudsak få ned stigninga på vegen og rette ut og auke radiusen i dei knappaste kurvene, slik at vegen får ei meir føremålstenleg linjeføring og betre trafikktryggleik. Ny vegtrasé skal etablerast i samsvar med revidert reguleringsplan og prosjektert veglinje.

Omlegginga omfattar reinsking av jord og nødvendige terrenginngrep, masseutskifting, sprenging/fylling, oppbygging av ny vegkropp, grøfter og overvasshandtering, samt tilpassing mot eksisterande veg og tilgrensande terreng. Eksisterande vegareal som ikkje inngår i ny trasé skal tilbakeførast og terrengtilpassast etter avtale med byggherren. Det er viktig at entreprenør ivareteke avkøyrsel til Klubben 4 som i dag følger eksisterande veg.

Overskotsmassar av jord kan leggast i Klubben etter nærare avtale med byggherre. Overskotsmassar av stein som ikkje kan nyttast internt i Klubben kan deponerast på moloen i Sildevika, Hardbakke.

Nye vegparti skal avrettast og avsluttast med asfaltdekke. Mellom eksisterande asfaltavslutningar skal det avrettast og asfalterast slik at ferdig veg får samanhengande asfaltdekke på heile strekninga. Asfaltkvalitet skal vere minimum AGB 11, 100kg pr. m² eller betre. Nytt asfaltdekket skal ha same vegbreidde som eksisterande asfaltdekke. Kommunen opnar for moglegheita til å losse asfalt frå båt til kai etter nærare avtale med kommunen eller grunneigar.

Om allereie etablerte kummer kjem i konflikt med ny asfalt skal det sørgast for at det settast på tilstrekkeleg med ringar for å auke høgda.

Opsjon

Opsjon 1 - Opparbeiding av parkeringsplass

Det er sett av areal til parkering i o_SPA1. Sjå «Ny reguleringsplan Klubben». Parkeringsarealet er opparbeida med grus som overflate. Arbeidets omfang strekker seg til avretting og asfaltering, samt oppmerking av parkeringsarealet.

Opsjon 2 - Bosshus/Postkassestativ

På avsett område f_BAB skal det etablerast eit bosshus, med avsett plass til postkasser på yttervegg. Renovasjon- og postkassehuset skal utformast etter vedlegg «Skisse renovasjonshus med postkassar»

Det skal nyttast interne fyllmassar til opparbeiding av arealet. Arealet ferdigstillast tilnærma flatt, med fall 1:100 mot terreng ferdig asfaltert.

Renovasjonshuset førast opp på ringmur.

Ytterveggen førast opp som bindingsverksvegg, med dobbeltfalsa, liggande kledning. Taket skal vere tekket.

I tilknytning bosshuset skal det opparbeidast ein snuplass for renovasjonsbil. Det skal vere enkelt for renovasjonsbil å kunne tømme boss og snu bilen. Det vil vere lov å nytte Snuplassen og bosshus skal avsluttast ferdig asfaltert.

Om det blir behov for sprenging skal dette også inkluderast i opsjonen.

Tilbydar utarbeidar eit konsept med situasjonsplan som del av sitt tilbod.

Opsjon 3 - Leikeplass f_BLK1

I området f_BLK1 skal det opprettast ein framtidig leikaplass på 100 kvm. Tilbydar prisar inn grunnarbeid som planering og grusing av eit valfritt område innanfor f_BLK1. Entreprenør kan nytte interne massar frå vegarbeidet.